
Fra: Hogne Jarle Straume <hognestraume@gmail.com>
Sendt: torsdag 28. mai 2020 22:52
Til: Kjartan Nyhammer
Emne: Hjortevilt minsteareal

Hallo Kjartan Nyhammar!

Eg viser til telefonsamtale i går og vil med dette gje melding om att fleire dokument og rapportar

frå forsøksfeltet som eg var vert for, må verta ettersendt. No har eg tala med Lise Austrheim og etter litt etterrøyking, kom ho fram til same personen som Samson Øpstad snakka om. Så då får me berre venta om det dukkar opp noko. Ellers held eg fast på det som eg har sakt og skreve om Nordangerkrinsen som eiga sone for minsteareal på 300 daa. ut ifrå dei drivetilhøve og geografien som er her. Med det gjeldande forvaltingsregime, har det som nemnd, ført til ein for stor tettleik med dyr over dei siste 5-6 åra. No ser eg også meir skadar på gjerder og hjorten har forsynt seg av beitegraset. Eg har sett store snaubeita felt på beiter. Vonar det let seg gjera å få til det som eg foreslår. **Det skal vera formelt rett og gjennomførbart etter reglar og forskrifter.** Det vil difor gje eit varigt verkemiddel som er fleksibelt i bruk. Då kan ein setja inn tiltak same hausten som ein ser at vårteljingane viser for stor stamme. Eg forutset at dei sendingar som eg har sendt direkte også er registrert i postmottaket i Alver kommune. Vonar det er råd å koma i gong med eit større utak av hjortevilt denne hausten.

Med helsing Hogne Straume



Virusfri. www.avast.com